



Røysterett varmar opp til konsert i Oseana.

Ingen av kormedlemene Røysterett for alle var innstilte på å stå opp før kl. 06.00 laurdagen, så me var ikkje framme på Os før kl. 09.30. Dette ga ein litt hektisk oppstart, med registrering og fordeling av ulike rekvisita (samt siste formaningar) før oppstilling til opptog kl. 10.30.

Stemnet vart offisielt stadfesta opna av ordførar Terje Søviknes på torget på Osøyro etter oppmarsj frå Oseana, velkomstynsking av formann (Jan Terje Skutlaberg) i vertskoret, Os Mannskor, og lykkynsking av Hordalandsrepresentant for Norsk Korforbund (Liv Oda Dale).

Konsertprogrammet var i gang frå kl. 12.00 og utetter (etter prøveoppstillingar og oppvarming) i Oseana, Griegsamlinga i Oseana, Os kyrkje, Nore Neset kyrkje og Amfi Kjøpesenter. Røysterett for Alle song i Oseana kl. 13.50, og i Os kyrkje kl. 16.40, og me kan difor ikkje seia noko om det som gjekk føre seg i dei andre arenaane. Frå Oseana kan me melda at kor som stakk seg fram sterkt positivt, var Os Kammerkor og Os Vocalis. Brekke Mannskor (frå Sogn) var og habile, og dei hadde ein krafttenor som solist i to skikkelege bravournummer. Røysterett gjorde ein heiderleg innsats (karaktergjeving får andre enn oss stå for), før me laut hasta vidare til Os Kyrkje.

I Oskyrkja fekk me med oss det meste av dei medverkande, og ulike kvalitetar (frå topp til botn) vart presentert. Eit langvegsfarande mannskor har me mistenkt for kan henda ville satsa meir på prestasjonane på songarballet enn å kasta vekk tid og energi på kvalitet i framføringa i kyrkja, men med omsyn til kvalitet, lyt me nok ein gong nemna Os Vocalis, som ga framføring av ypperste klasse. Brekke Mannskor var også sterkt høyreverdig. Av eiga framføring, kan me sjølve seia at me tykkjer me avleverte det beste me har gjort til no, og dirigent Maria ga og uttrykk for at ho var særst nøgd. Rosendal Songlag song ikkje i same lokala som Røysterett for Alle, så deira opplevingar kan me ikkje seia noko om.



[Røysterett for alle klar for avmarsj.](#)

Det lyt elles seiast at det krev rutine å yta topp på eit songarstemne: Ein har minimal tid til rådvelde i samband med prøveoppstilling på scena, og vil ein testa lyd, lyt ein ha ein frekk dirigent dersom ein skal klara å få truga seg til det. Deretter kjem sjølve konserten, der kora lyt stilla opp raskt, verta ferdige, og gå raskt ned att for å gje plass til neste aktør. Stress - stress.

Festen vart avvikla på godt vis. Vertskoret hadde syrgt for god mat, god underhaldning, godt orkester og eit veileigna lokale der alle fann seg vel til rette. Vertskapet hadde peika ut av eigne medlemmer personleg vert for kvart einskilt kor, både for å sjå til at me fekk det me hadde trong for, og hadde dei opplysningane som kunne avklara spørsmål som dukka opp under vegs, frå me vart registrerte om føremiddagen, til me reiste frå festen laurdagsnatta.

Dette med overnatting i ein militærleir vart ei lita gjenoppfrisking for nokre av oss. Legitimasjon laut synast ved inn- og utpassering. Sivilisert åtfærd i leirområdet høyrde med. Presisjon i høve til klokkeslett var eit vilkår ved frukosten sundag morgon, for me hadde tida mellom 08.00 og 09.15 til rådvelde - etter det skulle matsalen nyttast til militære føremål. Me tykte litt synd i dei me møtte på veg til messa klokka 09.00, då me var på veg for å pakka sakene våre etter ein roleg, avslappa frukost for eigen del. Denne tidlege og presise avsluttinga sytte for at me var heime i 12-tida alle saman etter ei triveleg helg.

Tekst: Svein Rimestad

Foto: Lars Henrik Skogtun

Nett: Thor Inge Døssland